

# Årsrapport 2015



Nasjonalbiblioteket



## **Innhald**

Del I. Melding frå leiaren .....	2
Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal.....	4
<b>Del III. Aktivitetar og resultat i året Samlingsutvikling .....</b>	<b>7</b>
<b>Formidling .....</b>	<b>8</b>
<b>Bibliotekutvikling.....</b>	<b>10</b>
<b>Del IV. Styring og kontroll i verksemda .....</b>	<b>14</b>
<b>Del V. Vurdering av framtidsutsikter.....</b>	<b>16</b>
<b>Del VI. Årsrekneskap .....</b>	<b>17</b>
<b>Kommentarar frå leiinga til årsrekneskapen 2015.....</b>	<b>17</b>
<b>Føremål.....</b>	<b>17</b>
<b>Stadfesting .....</b>	<b>17</b>
<b>Vurdering av vesentlege tilhøve.....</b>	<b>17</b>
<b>Tilleggsopplysningar.....</b>	<b>18</b>
<b>Prinsippnote til årsregnskapet for Nasjonalbiblioteket .....</b>	<b>19</b>
<b>Vedlegg 1: .....</b>	<b>23</b>

## **Del I. Melding frå leiaren**

Vi har som samfunn eit sterkt behov for å vite kvar vi kjem frå. Det er ved å kjenne fortida vår at vi kan forme framtida. Alle har vi som individ den same trøgen til å kjenne røtene våre, og skape identiteten vår i brytinga mellom fortida og samtida. Nasjonalbiblioteket har som hovudmål å sikre den publiserte historia vår i eit tusenårsperspektiv. Men tusenåret startar alltid dagen etter. Og ved at

for dei andre biblioteka i landet.

I overgangen mellom ei analog og digital offentlegheit blir både plattformane og dei media som biblioteka skal gje tilgang til endra, og likeins samfunnet som biblioteka verkar i. Nettet gjev tilgang til ei nærmest uendeleg mengde kunnskap, men gjev samstundes like stor tilgang til augneblinken. Vi ser paradoksal nok at teknologien som gjer det mogleg å utvide minnet, kunnskapen og medvitnet vårt, i like stor grad er med på å redusere den kunnskapen samfunnet har om si eiga historie. Behovet for biblioteka som folkeopplysrarar og danningsagentar blir derfor større, ikkje mindre, som følgje av den digitale revolusjonen. Dette krev at norske bibliotek tek på seg større oppgåver enn før, på same måten som bortfallet av møteplassar av ulike slag som post, bokhandel, samfunnshus og bedehus, krev at *biblioteka* utviklar seg til møteplassar, kulturarenaer og demokratiske arenaer for debatt i lokalsamfunnet. Denne utviklinga blir ikkje driven fram av at biblioteket ønskjer «å finne ei rolle», men av behova i det norske samfunnet.

I tråd med dette sette Nasjonalbiblioteket seg to nye mål i 2015. For det første skulle vi utvikle oss som Nasjonalbibliotek for fem Nasjonalbiblioteket gjer det lagra materialet tilgjengeleg og formidlar det til så mange som mogleg, er biblioteket med på å leggje grunnlaget for at vi kan kjenne fortida vår og ha ho med oss når vi skaper framtida.

Biblioteka er i ei brytingstid. Det gjeld særleg Nasjonalbiblioteket. I Noreg og resten av verda går nasjonalbiblioteka over frå å vere først og fremst institusjonar som arbeider for andre institusjonar, som universitet og andre bibliotek, til å bli det biblioteket som er i stand til å nå ut til alle innbyggjarane i landet. Samstundes får Nasjonalbiblioteket ei stadig viktigare rolle som utviklar og som nasjonal infrastruktur millionar menneske. Digitaliseringa av katalogar og ikkje minst samlingar har gjort at nasjonalbiblioteka i dag er dei biblioteka som kan nå lengst ut. Gjennom fleire år har Nasjonalbiblioteket i Noreg bygd ut eit stort digitalt bibliotek: i 2015 passerte det 3 millionar digitale objekt. Dette året er det sett i gang ei rekke prosjekt med sikt på å styrke formidlinga av samlinga vår, retta mot ålmenta. Auka fokus på utgjevingar, utstillingar og arrangement har gjeve målbare resultat, det er starta prosessar for å sikre tilgangsrettar til meir av materialet, og det er eit stort prosjekt i gang for å gje heimesider og tenester ein ny design. Det siste skal avsluttast i 2016. Alt hausten 2015 kan vi måle ei større interesse for tenestene og for bruk av tilboda til Nasjonalbiblioteket, etter kvart som institusjonen har styrkt formidlingsevna si.

Det andre målet var å forme folkebiblioteka som møteplassar, og vere med på å skape biblioteket for det 21. hundreåret. Med Nasjonal bibliotekstrategi, som blei lansert av kulturministeren i august 2015, fekk Nasjonalbiblioteket ein heilt sentral reiskap i dette arbeidet. Gjennom 2015 har Nasjonalbiblioteket delt ut over 40 millionar kroner i tippemidlar, etter ein ny modell der søknadshandsaminga er enklare og fokuset er retta mot kva biblioteka treng. I fyrste runden gjekk over halvparten av midlane til å utvikle biblioteka som møteplass. Samstundes har Nasjonalbiblioteket sett i verk prosessar for å kjøpe metadata til heile folkebiblioteksektoren, for å

utvikle eit brukargrensesnitt for dei som låner på nasjonalt biblioteksøk og for å samtale med forleggjararar, og andre relevante aktørar, om modell for e-bok i bibliotek.

Arbeidet med Nasjonal bibliotekstrategi har knytt Nasjonalbiblioteket og folke- og fylkesbiblioteka tettare saman, både ved at det er oppretta eit strategisk råd og gjennom mykje reising mellom deltarane. Bibliotekstrategien opnar òg for å auke innsatsen med sikte på å sikre det digitale innhaldet i folkebiblioteka. Institusjonen Nasjonalbiblioteket har vist stor kapasitet i 2015.

Samstundes som desse store nye satsingane er gjennomførte, har eit heilt nytt biblioteksystem, Alma, blitt testa og innført. Nasjonalbiblioteket er blitt godkjent som forskingsinstitusjon, og har levert webdewey og starta opp nytt automatlager. Dette har skjedd på same tid som Nasjonalbiblioteket har utført alle dei lovpålagde oppgåvene sine, og tatt i mot og katalogisert meir enn 425 000 ulike objekt, og digitalisert og lagt meir enn 525 000 nye objekt inn i det digitale biblioteket vårt.

På denne måten har vi auka kunnskapen om norsk kultur, offentlegheit og historie både for samtida og ettertida.

Oslo 02.05.2016



Aslak Sira Myhre

Direktør

Nasjonalbiblioteket

## Del II. Introduksjon til verksemda og hovedtal

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan underlagt Kulturdepartementet.

Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i *lov om pliktavlevering*. I kraft av mandatet er Nasjonalbiblioteket ein viktig del av vårt nasjonale minne, ved at det samlar inn, registrerer for attfinning, tek vare på og formidlar alt som blir publisert i Noreg. I tillegg har Nasjonalbiblioteket ansvaret for å utvikle ein nasjonal bibliotekpolitikk, og skal gjennom virket sitt sjå til at norske bibliotek utviklar offentlege møtestader og debattarenaer i tråd med føremålsparagrafen i biblioteklova.

Nasjonalbiblioteket er òg infrastruktur for norske bibliotek gjennom tenester som utvikling og vedlikehald av bibliografiske standardar, nasjonalbibliografiar, depotbibliotek og felles biblioteksøk. Nasjonalbiblioteket er både infrastruktur for norsk forsking og godkjent som ein sjølvstendig forskingsinstitusjon. Til den faglege porteføljen hører òg ansvaret for ei norsk språkbankteneste, til bruk i forsking og næringsverksemd.


Nasjonalbiblioteket er lokalisert på Solli Plass i Oslo og i Mo i Rana. Til saman er det 422 tilsette, fordelt på 400 årsverk. Talet på tilsette er om lag likt fordelt mellom Oslo og Rana. Nasjonalbiblioteket er inndelt i tre store fagavdelingar med 100–130 tilsette og fire stabsavdelingar med 6–15 tilsette.

## Nasjonalbibliotekets organisasjon

AVDELINGER											
<b>Direktor</b> Aslak Sira Myhre											
<b>Assisterende direktør</b> Roger Jøsevold											
SEKSJONER											
Tilvekt og kunnskapsorganisering TK Jonny Edvardsen	Digital bibliotekutvikling DBU Svein Arne Solbakk	Forskning og formidling FF Hege Stensrud Hæstøen (lst.)	Informasjon, utstillinger og jubileer Info / IUS Aslak Sira Myhre/Roger Jøsevold (funq.)	Sekretariat for bibliotekutvikling SBU Svein Arne Tønnesand	Økonomi, personal og juss OPJ Bernt Fjeldberg	Bygg og tekniske tjenester BTT Bjørn Skjervik					
Monografier, lyd og bilde Kjetil Rustad	DBU drift Thomas Langvann	Publikumsjenesten Inger Stenåsen	Bilder, trykk og konservering Arthur Tennoe	Konferanse Bernt Fjeldberg (funq.)	Teknisk Støle Baaten						
Pliktavlevering periodika Mona Lekås	DBU utvikling Svein Arne Brynjulf										
Kunnskapsorg. pliktavleverf materiale Karl Mathisen	Massedigitalisering Lisbeth Johannessen	Bøker og språk Trond Haugen (lst.)									
Magasin og materialhåndtering Gunnild Myrbæk	Objektdigitalisering Kjetil Iversen	Film og kringkasting Erik Aarsvold Hansen									
Kunnskapsorg. monografier Irene Hole	Film Lars Gaustad	Musikk Richard Gjems									
TK utvikling Hilde Haugås			Privatarkiv Bente Grannrud								
Depotbiblioteket Helen Solthel											

## Nasjonalbibliotekets oppgåver og roller

I overgangen mellom ei analog offentlegheit og ei digital offentlegheit har Nasjonalbiblioteket sett seg mål om å sikre tilgang til kulturarven på dei nye digitale plattformene som veks fram. Å kunne vere til stades i dei digitale fora der det offentlege ordskiftet finn stad er ein føresetnad for å kunne nå generasjonane som veks fram i det 21. hundreåret. Berre på denne måten kan kulturarven aktualiseraast som identitetsskapar og faktor for tilhørsle i det offentlege ordskiftet. Men dette er ikkje tilstrekkeleg i kampen om tid og merksemd i det offentlege rom. I tillegg må kulturarven aktivt formidlast gjennom arrangement, offentlege ordskifte, publiseringar og utstillingar. Medan nettet vil vere den plattforma som rekk lengst ut skal Nasjonalbiblioteket på Solli plass utviklast til ein arena for desse aktivitetane og eit senter for aktiv formidling av kulturarven i det fysiske rom.



## Nasjonalbibliotekets ressursar og ressursbruk

Talet på årsverk ha vore stabilt frå 2014 til 2015. Det som ser ut som ein nedgang av tildeling på post 21 heng saman med overgang til ny MVA-føring frå 2015. Det same gjeld veksten i lønsdelen.

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2013	2014	2015
Årsverk	382,4	399,4	400
Tildeling post 01–29	430,3	446,9	434,6
Utnyttingsgrad post 01–29	97,80 %	97,65 %	97,46 %
Lønsdel	48,00 %	48,70 %	51,38 %
Lønsutgifter per årsverk	540 533	545 497	571 514
Tildeling post 77	16,9	27,6	0

Tildeling post 78			5	0
Tildeling post 80		49,8	52,6	57,8

Skilnader i tildeling og lønsdel heng saman med overgang til nytt MVA-regime. Fleire detaljar om rekneskapsåret går fram av del VI i rapporten.

Jamstilling	2015						
	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar		Løn K/M i %
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Nasjonalbiblioteket, tal	219	203	12	15	207	188	
Nasjonalbiblioteket, årsverk	202	198	12	15	190	183	49 %/51% av total lønnsmasse

## Utvalde nøkkeltal frå verksemda

Nedgangen i tal på besøkande i Henrik Ibsens gate 110 frå 2013 til 2014 har fortsett i 2015 med ein nedgang på 6%. Denne nedgangen har nok samanheng med ei kraftig auke i bruk av det digitale biblioteket som gjekk opp med 22 % frå 2014 til 2015. Tala for digitalisering reflekterer dels at produksjonsløypene for bokdigitalisering gradvis er tatt i bruk til tidsskrift og dels at sjølve digitaliseringsprosessen er endra frå høgeffektiv automatskanning til meir tidkrevjande autoblaskanning. Det siste skuldast at vi no digitaliserer bøker vi har færre eksemplar av og dermed ikkje kan demontere dei. Når det gjeld notemanuskript reflekterer nedgangen dei siste to åra etterspurnaden frå dei eksterne samarbeidspartane i musikkarvprosjektet. For ei meir omfattande skildring av aktivitetar og resultat sjå del III.

Utvalde nøkkeltal frå verksemda	2013	2014	2015
<b>Besøk</b>			
Tal besøkande i Henrik Ibsens gate 110	187 617	176 886	166 204
Besøk på nb.no (det digitale biblioteket)	2 700 000	4 088 000	4 987 000
<b>Innhald i eit utval digitale tenester</b>			
Bøker tilgjengelege i bokhylla-avtala	137 000	169 000	202 000
Aviser tilgjengelege i alle norske bibliotek	350 000	456 000	597 000
<b>Utvalde produksjonstal frå digitaliseringsprogrammet</b>			
Bøker – tal sider	9 700 000	8 700 000	5 400 000
Avissider	3 200 000	3 700 000	3 750 000
Foto	52 000	40 000	49 000
Tidsskrift – sider		500 000	1 500 000
Lyd frå truga format – eininger	3 800	4 300	5 200
Musikkarv – notemanuskript – sider	56 000	41 000	29 000

Det blei ikkje gjennomført særskilte jamstillingstiltak ved Nasjonalbiblioteket i 2015

## **Del III. Aktivitetar og resultat i året**

**Nasjonalbibliotekets overordna oppgåve er å ta vare på og formidle historia til norsk offentlegheit, uavhengig av kva medium eller plattform ho kjem til uttrykk på. I tillegg til å utvikle og handsame staten si rolle i nasjonal bibliotekspolitikk. Oppgåvene er skrive inn i to hovudmål i tildelingbrevet for 2015;**

1. sikre og bevare pliktavlevert materiale og andre samlinger og arbeide aktivt for å gjøre samlingene og informasjon om disse tilgjengelig i originalformat og på digitale plattformer
2. bidra til at biblioteksektoren styrkes som aktiv formidler av kunnskap og kulturarv og legge til rette for at folkebibliotekene blir aktuelle og uavhengige møteplasser og arenaer for offentlig samtale og debatt.

Mesteparten av det Nasjonalbiblioteket gjer for å fylle desse oppgåvene er ikkje nedfelt i styringsmål som skifter frå år til år, men blir reflektert i det jamne arbeidet med å ta vare på og utvikle samlinga, formidle ho til forskrarar og offentlegheit, gjere ho tilgjengeleg for fleire gjennom digitalisering og nettenester og å utvikle ny kunnskap gjennom å leggje til rette for både eiga og andre si forsking. I 2015 har Nasjonalbiblioteket varetatt alle desse oppgåvene, og i tillegg hatt eit særskild fokus på utviklinga og implementeringa av den nasjonale bibliotekstrategien som blei lagd fram av kulturminister Thorhild Widvey i august. Det har og blitt lagd særleg vekt på å styrke formidlinga av det nasjonale minnet, og utvikle samarbeidet med biblioteksektoren. Her følgjer ei kort oppsummering av arbeidet på dei ulike felta i 2015.

### **Samlingsutvikling**

Nasjonalbiblioteket har i 2015 auka kunnskapen om den norske publiserte historia ved aktivt å supplere samlinga, og katalogisere, registrere og gjere tilgjengeleg gammalt materiale. Nasjonalbiblioteket har dokumentert året 2015 og tatt vare på alt pliktavlevert materiale i eigna magasin, og likeins digitalt materiale i digitalt sikringsmagasin.

Det blei pliktavlevert om lag like mykje materiale i 2015 som i 2014. Unnataket har vore innhausting av norske nettdomene og mottak av kringkastingsmateriale. Talet på innhausta nettdomene har auka frå 1200 til 1850 i 2015. Dette har gjeve ein vesentleg auke i talet på innhausta nettdokument. Gjennom 2015 blei det hausta inn ca. 7,7 milliardar filer. Mellom anna er nettstader knytte til høgare undervisning i Noreg lagde til innhaustinga i 2015. Auken av pliktavlevert kringkastingsmateriale kjem av at det i 2015 kom til to nye radiokanalar og ein ny fjernsynskanal, slik at det ved utgangen av året blei levert innhald frå 12 radiokanalar og 12 fjernsynskanalar.

I 2015 blei det gjort nokre innkjøp for å supplere samlinga. Av kjøpa vil vi særskilt nemne eit musikkmanuskript etter komponist Christian Sinding, brev etter Nikolaj Astrup, Gustav Vigeland og Fridtjof Nansen, og to av fire bevarte filmar som søstrene Egede-Nissen produserte i Tyskland på 1910-tallet.

Viktigare enn kjøpa er alltid dei mange gåvane Nasjonalbiblioteket får frå institusjonar og privatpersonar. I 2015 er vi særleg takksame for arkiv etter komponistane Arne Nordheim og Eivind Groven; arkiv etter Cecilie Løveid, Tramteatret, Jon Bing, Kunstnarforeininga og Oskar Braaten; arkiv etter Vibeke Løkkeberg og Terje Kristiansen.

Ved å utvide og utvikle samlinga har Nasjonalbiblioteket i 2015 gjort ein større del av den felles historia vår tilgjengeleg, og tatt vare på det publiserte materialet frå 2015 i eit tusenårsperspektiv. Dette er det viktigaste tilskotet vårt til det norske samfunnet.

### **Samlingsstorleik per 31.12.2015:**

Materialtyp	Digital tilvekst	Digital samling	Analog samling	Einingstyp
Aviser	200 030	1 022 357	5 532 240	Hefte
Bilete	49 252	752 433	2 071 503	Tal
Bøker	37 614	439 889	2 835 374	Bind

Handskrifter og notemanuskrift	68 157	559 746	>16 000 000	Sider
Film	1 977	12 748	344 492	Rull/kassett
Kart	-	-	59 670	Tal
Musikk/lydopptak	5 209	32 377	217 822	Band, plater o.l.
Notetrykk	-	-	79 154	Tal
Plakatar	1 731	13 303	124 620	Tal
Postkort	-	-	264 004	Tal
Radio	105 333	1 029 289	1 816 551	Timar
Småtrykk	-	-	2 649 546	Tal
Tidsskrift	8 858	13 999	4 644 075	Hefte
Fjernsyn	97 628	677 423	960 187	Timar

Denne tabellen omfattar registrert materiale, både norsk og utanlandsk. For nokre materialtypar er det fleire analoge eksemplar. Totaltala seier derfor ikkje noko om kor mange unike titlar Nasjonalbiblioteket eig.

### **Formidling**

Nasjonalbiblioteket har i 2015 sett i gang eit større arbeid med å styrke formidlinga retta mot ålmenta. Føremålet er både å auke interessa for og kunnskapen om den publiserte historia, og å gjere Nasjonalbibliotekets digitale bibliotek meir kjent.

Som i dei førre sju åra hadde Nasjonalbiblioteket i 2015 ein auke i bruken av det digitale biblioteket, nb.no. Tal besøk på nett auka med 22 % frå året før. Bokhylla auka med 41 000 nye titlar i tenesta, og tal besøk auka med 36 %. I avistenesta som gjev tilgang til historiske avisarkiv i alle norske bibliotek, auka talet på digitale avishefte med 141 000 eksemplar, og besøket med 34 %. Ein del tidsskrift har òg kome inn i det digitale biblioteket i 2015, og besøket på tidsskrifta er meir enn dobla frå året før.

Publikumsbesøket på Solli plass til lesesalar, arrangement og utstillingar var 166 200. Dette er ein nedgang frå 176 000 året før. Tal for utlån av materiale og bruk av lesesalane syner ein liten nedgang frå året før. Nasjonalbiblioteket reknar med at det er ein samanheng mellom digitaliseringa, den auka bruken av det digitale materialet og nedgangen i bruk av det fysiske materialet.

I 2015 blei det produsert to hovudutstillingar: ei jazz-utstilling som viste noko av det nye tilfanget til Nasjonalbiblioteket, og ei Agnar Mykle-utstilling i samband med Mykle-jubileet. Det blei produsert to utstillingar lagde til rette for bibliotek. Totalt blei det avvikla 142 tilskipingar i Nasjonalbiblioteket. Av desse var 24 fagseminar og 118 arrangement for eit allmennpublikum. Besøkstalet til utstillingane auka med dryge 20 % til 7000, medan publikumsauken til arrangementa var på vel 120 %, til 8200 besøkande.

På musikkfeltet opna Nasjonalbiblioteket ein notebase med verk av norske samtidskomponistar hausten 2015. Dette er eit viktig tiltak for å leggje til rette for auka bruk av verka til norske samtidskomponistar. Eit mål som norske komponistar har ønskt seg i fleire år.

Nasjonalbiblioteket starta hausten 2015 ei ny satsing på arrangement, utstilling og utgjevingar for å styrke formidlinga av det norske minnet. Samstundes blei det sett i gang eit arbeid med å relansere NB.no i 2016. Alt hausten 2015 gjev dette arbeidet resultat i vesentleg auka besøkstal på arrangement, større offentleg merksemd om Nasjonalbibliotekets formidling og større etterspurnad etter utgjevingar.

Nasjonalbiblioteket har i 2015 gjort ein viktig innsats for å auke kunnskapen om historia til det offentlege Noreg. Innsatsen skjer som eit samspel mellom den fysiske bibliotektenesta på Solli plass, dei digitale tenestene og den aktive formidlinga i form av arrangement, utgjevingar og utstillingar. Det blei òg lagt eit grunnlag for ei vidare styrking av dette samspelet i 2016.

Som ein lekk i arbeidet med å gjenbruke innhald som har falle i det fri vil Nasjonalbiblioteket lisensmerke dette innhaldet. Målet var å gjere dette i 2015, men på grunn av kapasitetsproblem i samband med det store biblioteksystemskiftet blei ikkje dette mogleg å prioritere dette året.

## FoU i Nasjonalbiblioteket

Å vere infrastruktur for norsk forsking er ein viktig del av samfunnsoppdraget til Nasjonalbiblioteket. I dei siste åra har Nasjonalbiblioteket deltatt i stadig fleire forskingsprosjekt finansierte av Norges forskningsråd.

I 2015 fekk Nasjonalbiblioteket status som sjølvstendig forskingsinstitusjon. Den nye statusen vil først og fremst få konsekvensar for høvet til å initiere og stå som prosjekteigar for forskings- og infrastrukturprosjekt finansierte av forskingsrådet.

Attåt ei rekkje prosjekt der deltakinga frå Nasjonalbiblioteket har dreia seg om tilgang til analoge og digitale samlingar, tenester og digitalisering, har Nasjonalbiblioteket levert sjølvstendige, faglege tilskot til fire ulike forskingsprosjekt i 2015. I tillegg har Nasjonalbiblioteket i 2015 produsert 17 vitskaplege artiklar, to monografiar, ein antologi og ei doktorgradsavhandling.

FoU-arbeidet i Nasjonalbiblioteket er styrkt i 2015, både gjennom eigne bidrag til forskingsprosjekt om historia til den norske offentlegeita, og ved å leggje dei fysiske og digitale samlingane til rettes for forsking hjå andre institusjonar. Gjennom statusen som sjølvstendig forskingsinstitusjon har Nasjonalbiblioteket fått ein reiskap som er naudsynt for å kunne utvide og utvikle det nasjonale minnet.

Som ein reiskap til bruk i kvantitativ tekstanalyse blei eit N-gramsøk gjort tilgjengeleg i ein beta-versjon til bruk mot språkbankens tekstkorpus hausten 2015.

## **Publikasjonar**

Nasjonalbiblioteket har i 2015 hatt ein full gjennomgang av utgjevingsporteføljen til institusjonen, og knytt til seg ein forleggjar/redaktør for å styrke og revitalisere dette arbeidet. Tidsskriftet NB21 og Bibliotheca Nova blei lagt ned dette året, og er erstatta av eigne nettsider for bibliotekutvikling og auka satsing på publisering i eksterne tidsskrift.

Nota Bene: tre utgjevingar

NB21: to utgjevingar.

Bibliotheca Nova: to utgjevingar

NB kjelder: sju utgjevingar

Dag Solstad les Olav Duun

I 2015 var det 3306 oppslag i pressa om Nasjonalbiblioteket, mot 3802 i 2014. Det er ein jamm oppgang i talet på omtaler av NB på vekesbasis; den samla nedgangen kjem i hovudsak av at det i 2014 var stor omtale av tre enkelthendingar på internasjonale nettsider.

## **Bibliotekutvikling**

Regjeringa la hausten 2015 fram Nasjonal bibliotekstrategi for perioden 2015-2018.

Nasjonalbibliotekets viktigaste arbeid med bibliotekutvikling i 2015 har vore å gje innspel til denne strategien, og frå og med august sørge for at han blir gjennomført.

I juli 2015 presenterte Nasjonalbiblioteket folkebibliotekstatistikken for 2014. Statistikken viste at bokutlånet i norske bibliotek heldt seg stabilt. Det same gjeld depotbiblioteket, der utlånet gjekk opp med 5000 til 185 000 utlån. For 2014 blei det registrert ein auke i talet på arrangement i biblioteka i høve til 2013, frå 14 813 arrangement i folkebiblioteka i 2013 til 18 263 arrangement i 2014.

I samband med arbeidet med nasjonal bibliotekstrategi blei det gjennomført ei gransking i folkebiblioteka om bruken av utviklingsmiddel. Nesten 60% av folkebiblioteka i landet har i dei siste fem åra tatt mot utviklingsmiddel frå Nasjonalbiblioteket.

Arbeidet med å etablere eit felles nasjonalt biblioteksøk er ført vidare i 2015 og ein pilot av dette er testa ut i fullskala i eit utval av norske bibliotek.

I statsbudsjettet for 2015 blei satsinga på folkebibliotek styrkt ved at tilskotet til prosjekt og utviklingstiltak auka med 20 millionar kroner. Det er no sett av 48,5 millionar til utviklingsmiddel, finansiert av spelemiddel frå Norsk tipping. Nasjonalbiblioteket gav hausten 2014 26 millionar kroner til utviklingsprosjekt i fag- og folkebibliotek for 2015. Hausten 2015 blei det lyst ut midlar til arenautviklingstiltak i tråd med ny modell for utviklingsmidlar i nasjonal bibliotekstrategi. Nasjonalbiblioteket fekk rekordmange søknader frå 250 folkebibliotek på til saman 78 millionar kroner.

Hausten 2015 lanserte Nasjonalbiblioteket tenesta *webdewey*, samstundes som arbeidet med å levere gratis metadata, felles biblioteksøk og nasjonale autoritetsregister blei starta opp. Til saman utgjer dette grunnstamma i ein digital nasjonal infrastruktur for

biblioteksektoren. Nasjonalbiblioteket er ein viktig pådrivar for utviklinga av digitale bibliotekressursar, både gjennom slike nasjonale tenester og ved å leggje til rettes for lokal utvikling av nye tenester gjennom utviklingsmidla.

Nasjonalbiblioteket innvilga i 2015 to dispensasjonar frå § 5 i lov om folkebibliotek, noko som er langt lågare enn åra før (11 i 2014).

Nasjonalbiblioteket har i 2015 auka innsatsen retta mot biblioteksektoren, mellom anna gjennom nyttilsettingar. Dette styrkjer bibliotekstatistikken og aukar kompetansen på arenautvikling. Kontakten mellom Nasjonalbiblioteket og folkebiblioteksektoren har hatt høg prioritet i samband med bibliotekstrategien, og frå juni til nyttår 2015 har Nasjonalbiblioteket vitja 42 lokale bibliotek og 12 fylkesbiblioteksamlingar for å skape auka kompetanse på arenautvikling. I tillegg har det vore gjennomført ei rekke andre besøk i bibliotek landet rundt.

## Mål og resultat

Nasjonalbibliotekets to hovedmål med tilhøyrande styringsparametar er følgjande:

### Hovedmål I:

Nasjonalbiblioteket skal sikre og bevare pliktavlevert materiale og andre samlingar og arbeide aktivt for å gjere samlingane og informasjon om desse tilgjengeleg i originalformat og på digitale plattformer.

Styringsparameter for hovedmål 1	Måltal:	Resultat:	
		2014	2015
Avlevert materiale registrert, bevart og tilgjengeleg for brukarane innan seks veker	95 %	95 %	90 %*
Innhold i digitalt sikringsmagasin gjort tilgjengeleg på Internett eller i lokala til Nasjonalbiblioteket 4 veker etter digitalisering	80 %	98 %	91 %

\*Resultatet er lågare enn måtalet. I samband med overgangen fra biblioteksystemet Bibsys til Alma blei all registrering stoppa i ein periode i november og desember. Fram til då var resultatet nærmere 97%.

Hovedmål II: Nasjonalbiblioteket skal bidra til at biblioteksektoren styrkast som aktiv formidlar av kunnskap og kulturarv, og legge til rette for at folkebiblioteka blir aktuelle og uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og ordskifte:

Styringsparameter for hovedmål 2	Måltal:	Resultat:	
		2014	2015
Del av fjernlånstinginger som skal vere utsende i løpet av påfølgjande arbeidsdag	95 %	-	X*
Del av Nasjonalbibliotekets utstillingar som skal vere lagde til rettes for og tilbode lokale bibliotek	50 %	100 %	100 %

\*Grunna skifte av biblioteksystem hausten 2015 har det ikkje vore mogleg å få ut dette talet.

**Nasjonalbiblioteket skal fremje utviklinga av digitalt innhald og digitale tenester**

I tillegg til desse styringsparametrane er det sett opp ei rekke resultatmål under dei to hovudmåla.

For hovudmål 1 gjeld desse resultatmåla:

Nasjonalbiblioteket skal i 2015:

- 1.1 ha ei relevant og sikra samling som er tilgjengeleg for bruk.
- 1.2 auke bruken av samlinga ved hjelp av aktive formidlingstiltak
- 1.3 utgje nye publikasjonar i serien NotaBene og NB-kjelder
- 1.4 etablere eit N-gramsøk til bruk mot Nasjonalbibliotekets tekstkorpus i språkbanken
- 1.5 gjere digitalt tilgjengeleg alle noteverk i basen som omfattar norske samtidskomponistar
- 1.6 lisensmerke alt innhald på nett som har falle i det fri slik at det enklare kan gjenbrukast av andre

2 Nasjonalbiblioteket skal i 2015:

- 2.1 vere ein pådrivar i utviklinga av ein nasjonal bibliotekpolitikk
- 2.2 vere infrastruktur for bibliotek i Noreg
- 2.3 etablere utviklingstiltak som gjer norske bibliotek betre i stand til å fylle oppgåva som arena for offentleg samtale og ordskifte
- 2.4 etablere eit felles nasjonalt biblioteksøk med direkte boktinging som eit tenestetilbod i alle bibliotek i Noreg
- 2.5 evaluere bibliotekutviklingsmidla i løpet av fyrste kvartal 2015.

Resultata for desse måla er omtala i teksten over. Det einaste feltet der resultatet ikkje er i samsvar med målet er under 1.6. Dette er og forklart i teksten.

## **Del IV. Styring og kontroll i verksemda**

Nasjonalbiblioteket nyttar mål- og resultatstyring som det grunnleggjande styringsprinsippet sitt. Nasjonalbiblioteket viser til at samla måloppnåing er god, jf. del III.

Nasjonalbiblioteket har i fleire år sett i verk tiltak for å byggje opp eit føremålstenleg system for heilskapleg styring og kontroll. Den overordna risikovurderinga leiinga gjennomfører kvart år syner at risikobiletet gjennomgåande er lågt.

Nasjonalbiblioteket har i 2015 hatt fokus på å setje i verk informasjonssikringstiltak i samsvar med plan for sikring av informasjonstryggleik, som blei sendt over til Departementet og Riksrevisjonen i samband med avslutninga av rekneskapsåret 2013. Det har òg vore eit arbeid i gang for å utvikle systema for internkontroll og risikostyring vidare.

Årlege handlingsplanar omtalar og set opp mål for aktiviteten til Nasjonalbiblioteket. Gjennom året blir handlingsplanane reviderte og risikovurderte m.o.t. måloppnåing. Ressursbruk og effektivitet blir følt opp gjennom arbeidsplaner og produksjonsmål.

### **Nærare omtale av tilhøve knytte til styring og kontroll i Nasjonalbiblioteket**

#### **Intern økonomiinstruks og internt disponeringsskriv**

Nasjonalbiblioteket gjennomfører årleg detaljerte budsjettgjennomgangar på alle nivå. Dei føringane som kjem kvart år når rammene blir tildelte, blir implementerte i planar og budsjett. Ved inngangen til året får den enkelte leiar (avdelingsdirektør) tildelt rammer og fullmakter. Dette skjer gjennom Internt disponeringsskriv som blir følt opp gjennom månadlege rapporteringar.

#### **Innkjøp**

Nasjonalbiblioteket har innført E-handel og KRG (konkurransegjennomførings-verktøy). I tillegg blir alle større innkjøp kvalitetssikra av jurist og controller, for å styrke kvaliteten på innkjøpa og sikre at økonomireglerverket i staten blir følt.

#### **Innføring av standard kontoplan, ny økonomimodell og periodisert rekneskap**

Nasjonalbiblioteket implementerte ny økonomimodell basert på ny statleg standard kontoplan i 2013. Dei venta verknadene av ny statleg rekneskapsstandard kan ikkje realiserast før verktøya har vore gjennom ei vesentleg oppgradering, særskilt med tanke på rapportar om verksemddsstyring. Dette kan venteleg ikkje setjast i verk før tidlegast våren 2017. Ein vurderer det likevel slik at dagens rekneskapsrapportering gjev eit påliteleg nok grunnlag for avgjersler og styring.

#### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Nasjonalbiblioteket blei ved inngangen av året 2014 gradert som skjermingsverdig objekt av NSM. I etterkant er dette følt opp gjennom fleire møte med ulike statlege organ om konsekvensar og tiltak. Parallelt går det føre seg ein dialog med KUD om sjølve graderinga.

**Tilhøve departementet har bede Nasjonalbiblioteket om særskilt fokus på:**

**Oppfølging av vesentlege tilhøve som Riksrevisjonen har peikt på**

Nasjonalbiblioteket hadde ein revisjonsgjennomgang av informasjonstryggleiken i 2013. Gjennomgangen avdekte einskilde tilhøve der tryggleiken ikkje var god nok. Som tilsvart sette Nasjonalbiblioteket i verk både strakstiltak og ei tiltakspakke for å rette på tilhøva. Riksrevisjonen vurderte tiltakspakka som tilstrekkeleg. Nasjonalbiblioteket har òg i 2015 følgt opp denne tiltakspakka i samsvar med planen.

**Tidstjuvar i forvaltinga (fellesføring frå tildelingsbrev)**

Nasjonalbiblioteket har signalisert at på avgrensa område kan folk oppleve det som vanskeleg å vere i kontakt med verksemda. Brukargranskingar stadfester det inntrykket verksemda har om at denne grenseflaten fungerer svært godt. Det er likevel gjeve eit innspele på eit overordna sektornivå.

Den enkelte borgaren kan oppfatte det som "byråkratisk" og/eller vanskeleg å måtte ta seg fysisk fram til eit bibliotek for å nytte bibliotektenesta. For somme er avstanden til nærmeste bibliotek eit hinder for bruk. Nasjonalbiblioteket gjer framlegg om å utvikle og implementere eit biblioteksøk som gjer det mogleg å tinga materiell frå depotbibliotek med leveranseadresse heime hjå den enkelte. Når låneperioden er over, kan ein levere materiellet på nærmeste bibliotek for retur. Dette framlegget til løysing vil kunne betre opplevd service frå sektoren.

## **Del V. Vurdering av framtidsutsikter**

Nasjonalbiblioteket er framleis godt rusta for vidare drift.

Dei fysiske rammene i Mo i Rana og Oslo, dei økonomiske rammene slik dei er gjevne over statsbudsjettet i 2016 og den samlingskunnskapen og fagkompetansen som finst i staben, gjer Nasjonalbiblioteket i stand til å oppfylle dei pliktene som er pålagde gjennom lov om pliktavlevering og tildelingsbrev frå Kulturdepartementet.

Nasjonalbiblioteket planlegg dei neste åra ei auka satsing på å formidle eigne samlingar, og på å styrke arbeidet med utviklinga av folkebiblioteka. Denne satsinga vil skje innanfor ramma av Nasjonalbibliotekets samfunnssoppdrag, nedfelt i tildelingsbrev og bibliotekstrategien til regjeringa. Aktiviteten blir finansiert gjennom årlege budsjettildelingar, tippemiddel og samarbeid med private aktørar.

Nasjonalbiblioteket vil dei neste åra bli stadig viktigare for drifta av norske bibliotek og for den enkelte borgar. Gjennom det digitale biblioteket og dei moglegheitene det gjev for å orientere seg i historia, litteraturen, musikken, filmen og avisene, vil innbyggjarane i Noreg få eit unikt tilbod. Det er eit fundament for det demokratiske ordskiftet for å finne sin eigen identitet og si eiga historie. Digitaliseringa demokratiserer kunnskapen om Noreg, og kan potensielt sett gjere oss meir medvitne om kven vi er. På same viset er det ein føresetnad for dei som kjem til landet, dei som skal integrerast i eit norsk samfunn, at me kjenner vår eiga historie og kan formidle ho til dei. I dei neste åra vil Nasjonalbiblioteket utvikle Solli plass til eit senter for kulturformidling som saman med det digitale biblioteket vil vere ein del av grunnstammen i forteljinga om Noreg.

For biblioteka gjer så vel digitalisering som formidling at dei får nye reiskapar dei kan nytte i formidlinga si. Samstundes vil gjennomføringa av bibliotekstrategien gjere at Nasjonalbiblioteket blir endå viktigare som infrastruktur for biblioteknoreg. Det er på Nasjonalbiblioteket katalogen vil finnast, biblioteksøket, metadata, elektroniske ressursar og tilgangar. Det gjer Nasjonalbiblioteket til eit senter ikkje berre for forsking og formidling, men for bibliotektenester for heile landet, med Rana som senter for fjernlån, katalog og digitale tenester.

Ei slik utvikling dei neste åra vil først og fremst gje breidda i befolkninga eit styrka bibliotektilbod både på nett, og gjennom fysiske lokale, formidling, arrangement og bøker.

Eit vilkår for at Nasjonalbiblioteket skal kunne tilby tenester på dagens nivå og ut ifrå ambisjonen i bibliotekstrategien, er ei vidare utbygging av fysisk og digital lagringskapasitet og kompensasjon for dei auka kostnadene dette fører med seg.

## **Del VI. Årsrekneskap**

### **Kommentarar frå leiinga til årsrekneskapen 2015**

#### **Føremål**

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan underlagt Kulturdepartementet. Nasjonalbibliotekets mandat er forankra i lov om pliktavlevering. I tillegg er Nasjonalbiblioteket pålagt ein del andre oppgåver. Nasjonalbiblioteket har ansvar for utviklinga av ein nasjonal bibliotekpolitikk, og skal gjennom virket sitt vere med på å utvikle norske bibliotek til offentlege møtestader og debattarenaer i tråd med føremålsparagrafen i biblioteklova. Nasjonalbiblioteket har òg ansvaret for ei norsk språkbankteneste til bruk i forsking og næringsverksemeld.

Nasjonalbiblioteket fører rekneskapen etter ny statleg rekneskapsstandard (SRS). Denne blei innført 01.01.2013. I tillegg følgjer ein kontantprinsippet.

#### **Stadfesting**

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med reglar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gjev eit dekkande bilet av disponible løyingar, rekneskapsførte kostnader, inntekter, eigendelar og gjeld i verksemda.

#### **Vurdering av vesentlege tilhøve**

##### **Oppstilling av løyvingsrapportering for rekneskapsåret 2015**

Løyvingsrapporteringa viser at dei samla løyvingane i 2015 har vore 536,5 mill. kr. Av desse høyrer 57,8 mill. kr. til post 80 og 33,5 mill.kr. er investeringar.

Verksemda er tilpassa dei tildelte løyvingane, og den rekneskapsmessige statusen er følgt kontinuerleg opp med rapportering frå avdelingane og oversyn over interne budsjett disposisjonar. I samsvar med den periodiserte rekneskapen (sjå resultatoppstilling og balanseoppstilling) er årets resultat på -3,2 mill. kr., mot 1,5 mill. kr. i 2014. Sjå detaljert oppsett i resultatregnskapsoppsett og forklaring på avvik til løn og driftskostnadar i note 2 og 3.

Frå 2015 er post 77 avvikla. Utviklingsmidlane er flytta og blir tildelt via spelemidlar. På grunn av dette er samla utbetalingar til tilskot for postane 77 og 80 redusert med 26 mill. kr. frå 2014. Det blei i 2015 løyvt 57,8 mill. kr. til post 80. Heile løyvinga er nytta.

For rekneskapsåret blei det tildelt 48,5 mill.kr. i satsingsmidlar – spelemidlar. Av desse er 4,8 mill.kr. nytta til å administrere ordninga. Administrasjon av ordninga gjeld i hovudsak lønsmidlar til sakshandsaming ved tildelingar. Det er òg nytta midlar til vidareutvikling av søknadsportal og administrative kostnader innanfor rekneskap og revisjon. Det blei utbetalt 26 mill.kr. delt på 90 prosjekt. I tillegg blei det utlyst 24,5 mill.kr. hausten 2015, med venta utbetaling i januar/februar 2016.

### **Oppstilling av løyvingsrapport for 2015 - nytta**

Rapporten er ei oppstilling av rørsler i kontantrekneskapen, og syner at utgifter til drift og investeringar summerte seg til kvar for seg kr 437,5 mill.kr. og 25,7 mill.kr., medan netto rapportert til løyvingsrekneskapen er på 511,2 mill.kr. Mellomverande med statskassa utgjorde -9,7 mill.kr. i 2015.

Frå rekneskapsåret 2015 er det søkt om overføring av 11,4 mill.kr. for post 01, og 7,3 mill.kr. for post 45 til rekneskapsåret 2016 .

### **Rekneskapen for verksemda elles**

Den bokførte verdien av varige driftsmidlar er redusert med 8,8 mill.kr. frå 2014, og var i 2015 på 72 mill. kr. Nærare informasjon om tilgangar og avskrivingar går fram av note 4 og 5.

Omløpsmidlane har auka med 2 mill.kr. frå 2014. Det kjem av at posten «andre fordringar» har auka, sjå spesifikasjon i note 14.

Det var ein auke på annan kortsiktig gjeld med 2,2 mill.kr. Sjå spesifikasjon i note 18.

Det er sett av 0,89 mill.kr til venta tap på krav, etter ei vurdering av fordringsmassen, sjå note 13.

Sjå elles vedlagde oppstillingar og notar.

### **Tilleggsopplysningar**

